

**Utviklingsplan 2022-2023**

# **Undheim skule**





## Innhald

Innleiing .....	3
Overordna mål.....	4
Sektormål for grunnopplæringa .....	4
Overordna del av læreplanen .....	4
Kommunale strategiar, planar.....	5
Utviklingsområde 2021-2022 .....	5
Vurdering av utviklingsområda .....	5
Utviklingsområde 2022-2023 .....	6
Mål og tiltak 2022-2023 .....	7



## Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda, knytt til læringsmiljø og læringsresultat, sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

## Overordna mål


### Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

### Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

## Kommunale strategiar, planar

I «Strategiplan for oppvekst 2016-2022» er det fem sentrale satsingsområde som definerer retning mot felles mål. I utviklingsarbeidet vårt dette året, 2021-2022, har me på vår skule hatt fokus på satsingsområde 5; Organisasjon og leing.

«Laget rundt læraren og eleven» er gjennom året blitt rettesnora vår. Organisasjonen Undheim skule skal vera ein organisasjon med system og rutinar som støttar opp om kvarandre for eit best mogleg danning og utdanningssystem for elevane våre.

## Utviklingsområde 2021-2022

Skuleåret 2021-2022 er brukt til arbeidet rundt organisasjonen og å få etablert ny leing på skulen.

I løpet av året er det gjennomført skulebasert vurdering for å sjå på i kva grad mål og tiltak har ført til utvikling på områda. Dette er del av kunnskapsgrunnlaget som me har for å vurdere kva me skal jobba vidare med å utvikla eller kva me nå kan leggja til drift.

## Vurdering av utviklingsområda

Analyse av data og prosessar i personalet, med elevane og føresette syner at elevane melder frå om at det er høg trivsel på skulen og lite mobbing. Elevane seier at dei har eit trygt miljø på skulen. Elevane melder også at dei opplever god støtte frå lærarane sine. Det er på spesielt tre av indeksane at vi skårer rundt 3 på elevundersøkinga; elevdemokrati, medverknad og vurdering for læring

Når det gjeld skulebidragsindikatoren har vi positivt resultat på 1. - 4. klasse, men på mellomtrinnet ligg vi på negativ skala. [Udir. Skulebidragsindikator](#)

Ser vi vidare på læringsresultat, viser kartleggingsprøvar stor variasjon frå år til år. Me ligg litt over, så litt under nasjonalt snitt. På 5. klasse ligg vi meir over enn under nasjonalt snitt, men på 8. trinn ligg elevane våre jamt over under.

Ut frå dette ser vi at vi må fortsette å arbeide systematisk rundt organiseringa av skulen. Klasseleing og gode standarar for korleis vi har det hjå oss blir viktig. Vi må bli betre på elevmedverknad, og vi skal bli veldig gode i vår systematiske leseopplæring på 1.-7.klasse. Vi må også arbeide for å heve skulebidragsindikatoren på mellomtrinnet slik at elevane samla sett går ut av Undheim skule med gode føresetnader for vidare utdanning og arbeid.

Dette har medført til følgjande utviklingsområde knytt til læringsresultat og læringsmiljø ved vår skule: lesing og elevmedverknad.



Utviklingsområde 2022-2023

Følgjande skal vera utviklingsområde i 2022-23:

Læringsmiljø- **Lesing 1.-7.trinn**

Læringsresultat- **Elevmedverknad**

## Mål og tiltak 2022-2023

<p><b>Utviklingsområde</b>  <b>Læringsresultat:</b> Lesing 1.-7. trinn  <b>Læringsmiljø:</b> Elevmedverknad</p>
<p><b>Status:</b> Elevane har over tre år hatt mindre utvikling enn 4 skalapoeng på nasjonale prøver i lesing. Elevane melder i elevundersøkinga at dei opplever liten medverknad.</p>
<p><b>Undervegsevaluering</b> av tiltak sett opp mot delmål skal gjennomførast i desember 2022 og mai 2023</p>

### Læringsresultat: Lesing 1.-7. trinn

Effekt mål (gevinst)	Resultatmål 2024	Delmål 2023	Tiltak 2022	Stopp punkt 2022/2023
Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Kva tid og korleis?
<p><b>Læringsresultat</b>  Elevane er funksjonelle lesarar</p>	<p>Alle elevar er over kritisk grense på udir sin nasjonale kartlegging på 3. trinn.</p> <p>Ein skal arbeide mot at elevane frå Undheim skal vere på eller over det nasjonale snittet i lesing på nasjonal prøve på 5. og 8. trinn.</p>	<p>Alle elevar på alle trinn har progresjon i lesing gjennom skuleåret målt vha. ulike kartleggingsverktøy.</p>	<p>Optimalisere gjennomføring og etterarbeid ifht NP</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- resultat skal brukast i samtalar med elevane og på utviklingssamtalen</li> <li>- Resultatet skal brukast for å setje nye mål saman med elev</li> <li>- Trinna, saman med PPT kontaktpersonen, drøftar kva som kjem fram ved analyse av NP og kva tiltak ein skal testa ut</li> </ul>	<p>Utviklingssamtalen i November og i mars.</p> <p>Når data frå NP ligg klar.</p>
			<p>Leggja inn lesing som eige punkt i malen for elev - og utviklingssamtale</p>	<p>Innan september</p>
			<p>Lærarane brukar SOL for å ha systematisk oversikt over elevane sin leseutvikling</p>	<p>September – Finn ut kvar elev er.  Desember og mai – Oppdater elev i Conexus</p>
			<p>Alle elevar skal ha tilpassa leselekse med utg.pkt i SOL og personleg utvikling</p>	<p>August – Kartlegg nivå. Oktober og mars-Evaluering.</p>
			<p>Det er sett av 15 min. samanhengande lesing på timeplanen kvar dag.</p>	<p>Evaluering og erfaringar av ordninga på teammøter ein gong kvar månad.</p>
			<p>1.- 4. klasse skal bruke repetert lesing.</p>	<p>Tema på PU økt i januar med stoppunkt i april. April – korleis ligg vi an</p>
			<p>Ein skal arbeide systematisk med lesestrategiar på alle trinn</p>	
			<p>Ein skal jobbe systematisk med dei høgfrekvente orda på alle trinn</p>	
<p>Ein startar opp med IMAL og på Sporet på 1. trinn.</p>	<p>August - oppstart og Oktober- evaluer</p>			

## Læringsmiljø- Elevmedverknad

Effekt mål (gevinst)	Resultatmål 2024	Delmål 2023	Tiltak 2022	Stopp punkt 2022/2023
Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Kva tid og korleis?
<b>Læringsmiljø</b> <i>Elevane opplever skulen som relevant og motiverande.</i>	Skulen får ein skår på min. 4 i elevundersøkinga på spørsmål knytt til medverknad og vurdering for læring.	Elevane melder min 3,7 i elevundersøkinga om at dei får føreslå korleis dei skal arbeide med faga.  Elevane melder min. 3,5 i elevundersøkinga på spm. som viser om dei opplever at dei får medverke i vurdering av eige arbeid.  Elevane melder min. 3,5 i elevundersøkinga på spørsmål om dei opplever at dei får tilbakemeldingar som gjer at dei kan bli betre i faget.	Ved oppstart av nytt tema skal elevane koma med innspel om t.d.: arbeidsform, produkt, vurderingsform	Spørjeundersøking i Forms for elevane i oktober, mars  Lærarane følgjer opp undersøkinga og justerer ut frå tilbakemeldingar på teammøter i november og april
			Elevsamtalen etter modell av Paul Viktor Wiker <a href="#">Elevmedvirkning</a>	August - oppstart, Oktober - evaluering, Januar og april – Stopp punkt
			Elevstyrt utviklingssamtale	Oktober November - gjennomført
			Skulen jobbar etter VFL sine prinsipp	Oktober – repetisjon November – fokussamtale  Februar – repetisjon April - fokussamtale



